



Arkivnr: 2015/12714-2

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Tone S Haugland, Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Utvål for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Fullmakter på kultur- og idrettsområdet i 2016

Samandrag

Som vanleg i starten av eit nytt år, legg fylkesrådmannen fram sak om fullmakter på kultur- og idrettsfeltet. Det vert gjort framlegg om delegasjon til fordeling av midlar på nokre budsjettpostar knytt til internasjonalt arbeid, vaksenopplæring, kulturminnevern, idrett og friluftsliv.

Søknadsordningar er gjennomgått i løpet av 2015, og sak om retningslinjer for einsskildre ordningar vert lagt fram i eiga sak. For vaksenopplæring vert slik gjennomgang gjort fyrst i 2016. Difor er denne budsjettposten handsama i denne saka.

Forslag til vedtak

Forslag om delegasjon til fylkesrådmannen omfattar følgjande postar i budsjettet:

1. Post 400.720:
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff 150 000 kr
Kulturavtale Basse-Normandie 210 000 kr
Internasjonalt kultursamarbeid 180 000 kr.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere midlane.
2. Post 400. 730 Vaksenopplæring.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele midlar til vaksenopplæring etter vedtekne retningslinjer og innanfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett.
3. Post 400.620 Ålmenne kulturvernforemål,« Prosjekt Bryggen».
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 220 000 kroner til satsing på formidling av Verdsarvstaden Bryggen i regi av Bymuseet i Bergen og Museum Vest.
4. Post 400.630 «Kulturminneregistrering».
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 100 000 kr til dokumentasjon av kulturminne gjennom registrering og kartfesting.
5. Post 400.650 «Kompetansebyggjande tiltak kulturminne».
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 200 000 kr til arbeidet med den historiske byen Bergen og til å styrkje kulturminneforvaltninga si kunnskap om den historiske byen i høve planprosessar, formidlingstiltak og utviklingsprosjekt.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande

postar 400.410, 400.420 og 400.450:

Post 400.410:

1. Fylkespremier
2. Campus Bergen kr 100.000

Post 400.420:

1. Støtte til regionale arrangement for mennesker med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 156.000
2. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar kr 208.000

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen kr 1.100.000, til saman kr 1.880.000 til fordeling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.01.2016

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram innstilling om at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskota i følgjande postar:

Post 400.720:

Juleprosjekt Orknøyene, Edinburgh og Cardiff	150 000 kr
Kulturavtale Basse-Normandie	210 000 kr
Internasjonalt kultursamarbeid	180 000 kr

Hordaland fylkeskommune har fleire samarbeidsregionar i Europa: Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og Nedre Normandie i Frankrike. Samarbeida har ulikt fokus, premiss og aktivitetsnivå. Budsjettposten internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til samarbeidsavtalane/samarbeidsregionar. Midlane frå dei tre postane går primært til tiltak initiert av Hordaland fylkeskommune. I særskilte tilfelle kan andre aktørar få tilskot dersom prosjekt/tiltak støttar opp under innhaldet i samarbeidsavtalane og er i samsvar med prioriteringar i Regional plan for kultur 2015-2025. Ei systematisk vidareutvikling av samarbeidet med Basse-Normandie og Skottland/Edinburgh er vedteken i regional kulturplan.

Normandie:

Kultur er eit viktig felt i avtalen med Basse-Normandie. Regionreforma i Frankrike som fekk verknad ved årsskiftet, har m.a. resultert i at Haute-Normandie og Basse-Normandie er slegne saman til Normandie. Ein legg til grunn at avtalen må reviderast, men det er ikkje signal om at det vert store forandringar i prioriteringane. Budsjettposten «Kulturavtale Basse-Normandie» skal utvikle og styrke samarbeidet mellom dei to regionane. Hordaland fylkeskommune har initiert fleire samarbeidsprosjekt mellom kulturinstitusjonar i Hordaland og Basse-Normandie. Eit døme på eit slikt samarbeid er mellom Fabrique de Patrimoines en Normandie og Museum Vest. Dei to institusjonane arbeider med ei større felles utstilling «I skuggen av Atlanterhavsvollen». Dette vil vere ei satsing også i 2016. Samstundes er det viktig at ein startar arbeidet med å tenkje inn nye samarbeidsinstitusjonar. Det tar tid å utvikle kontakt og prosjekt. I 2016 vil Hordaland fylkeskommune starte arbeidet med å planlegge for at andre konsoliderte museum i Hordaland kan ta del i det norsk-franske kultursamarbeidet frå og med 2017 og utvikle gode internasjonale prosjekt.

Samarbeidet mellom Basse Normandie og Hordaland har særleg vore knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som har fokus på nordisk kultur. I 2015 representerte forfattarane Bjørn Sortland, Frode Grytten og Ingelin Røssland «Made in Hordaland»-programmet under festivalen. Les Boreales vert arrangert i november og er også møtestad for institusjonar, administrasjon og politikarar der ulike temaområde/fokusområde vert drøfta.

Det er også etablert eit program for utveksling av unge kunstnarar innan det visuelle kunstfeltet. Det er inngått ein avtale der ein ung kunstnar frå dei to regionane skal ha eit tre-månaders opphald i samarbeidsregionen. Dei to kunsthøgskulane i Hordaland og Basse-Normandie er nært knytt til prosjektet. I januar 2016 kjem ein ung kunstnar frå Basse-Normandie til Hordaland, og ein vil velje ut ein ung kunstnar frå Hordaland til eit tre-månaders opphald i Normandie truleg rundt årsskiftet 2016/2017. Det vil gå midlar frå kontoen for «Kulturavtale Basse-Normandie» til å dekke stipend/opphald og reise knytt til denne utvekslinga.

Det er no ein tradisjon at det vert gjennomført ein turne med scenekunstnarar frå Basse-Normandie i regi av Hordaland fylkeskommune sitt kunstprogram i skulen/Den Kulturelle Skolesekken i Hordaland. Hordalandsskular vil også få vitjing av franske kunstnarar i 2016.

Skottland:

Budsjettposten «Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff» er nytta for å støtte dei tradisjonsrike adventsmarkeringane med juletretenning. I Cardiff har det ikkje vore aktivitet dei seinare åra, medan det er stor merksemd om arrangementa i Kirkwall og Edinburgh. På Orknøyane legg Kultur- og idrettsavdelinga opp turne i skulane, i tillegg til konsertar. Adventsmarkeringane vil gå som ordinært i 2016.

På Orknøyene vil jubileet *The St. Magnus 900th Celebrations* vere ei stor hending i 2017. Evt bidrag frå Hordaland fylkeskommune vart drøfta på møte under markeringa i desember 2015. Budsjettmidlar kan nytta for å greie ut og planleggje evt samarbeid med kulturinstitusjonar i Hordaland i samband med jubileumsåret.

Samarbeidet med Skottland har utvikla seg dei siste åra. Ei delegasjonsreise med Kultur- og ressursutvalet i 2013, rundebordskonferanse i oktober 2014 i Bergen, studieopphald og møte under adventsfeiringa har stadfesta at det er potensiale for fleire samarbeidsprosjekt mellom institusjonar frå Hordaland og Skottland. Fylkesrådmannen legg opp til at dette vert utgreidd før ein tek politisk stilling til vidare aktivitetar og samarbeidsform. Jf Regional kulturplan 2015-2025 er det etablert potensiale for internasjonale samarbeidstiltak innan heile kultur- og idrettsfeltet. Ein aktuell modell er å styrkje samarbeidet med Skottland og involveringa av aktørane i kulturlivet slik det er gjort med samarbeidet med Basse-Normandie.

Vaksenopplæring:

For post 400.730 «Vaksenopplæring» er det forslag om at fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele midlane etter vedtekne retningslinjer innfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett. Hordaland fylkeskommune har frå 1978 gjeve tilskot til studieforbund som organiserer vaksenopplæringstiltak. I 2005 vedtok Fylkesutvalet retningslinjer for administrasjonstilskot til vaksenopplæringstiltak. Utgangspunkt for tilskot er timetal henta frå statistikken til Statistisk Sentralbyrå. Hordaland fylkeskommune vil utbetale stønad til godkjende studieforbund som har dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Hordaland. Stønad til vaksenopplæringstiltak (grunntilskot og administrasjonstilskot) vert etter retningslinjer utbetalt til det studieforbundet organisasjonane er med i.

«Forskrifter gitt i medhold av Lov av 28. mai 1976 nr. 35 om voksenopplæring» er utgangspunktet. Fylkesrådmannen tilrår at det som tidlegare vert gitt administrativ fullmakt til å fordele midlane etter vedtekne retningslinjer og innanfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett. Eit studieforbund må vere godkjent av Kunnskapsdepartementet og ha dokumentert vaksenopplæringsaktivitet i Hordaland.

- SSB-registrerte, godkjende studietimar i Hordaland vert lagt til grunn for utrekning av aktivitetstilskotet.
- Grunntilskotet er på 4000 kroner. Det vert berre gitt grunntilskot til studieforbund som har SSB-registert minst 500 studietimar i Hordaland.
- Det vert nytta talmateriale 2 år før utbetalingsåret slik at utbetalinga kan finna stad tidleg på året.
- Administrasjonstilskotet er 2-delt og vert fordelt til dei studieforbunda som kjem inn under vilkåra.
 - a. Grunntilskotet er på 4000 kr for kvart studieforbund
 - b. Aktivitetstilskotet vert fordelt etter studieforbundet sine SSB-registrerte, godkjende studietimar 2 år før utbetalingsåret. Minstesum for utbetaling av aktivitetstilskot vert sett til 500 kr.

I løpet av 2016 vil Kultur- og idrettsavdelinga ha ein gjennomgang av retningslinjene for vaksenopplæringa.

Prosjekt Bryggen:

Frå post 400.620 Ålmenne kulturvernforemål, underpost « Prosjekt Bryggen/Verdsarvstaden Bryggen» får fylkesrådmannen fullmakt til å fordele 220 000 kroner til satsinga på formidling av Verdsarvstaden Bryggen i regi av Bymuseet i Bergen og Museum Vest. Midlane frå denne underposten har dei siste åra vore knytte til digital formidling og prosjekt om korleis musea kan ta ansvar for eit verdsarvsenter. Fylkesrådmannen rår til at midlane til underposten «Prosjekt Bryggen» vert nytta til formidlingstiltak gjennom dei to musea Bymuseet i Bergen og Museum Vest.

Kulturminneregistrering:

Frå post 400. 630 «Kulturminneregistrering» får fylkesrådmannen fullmakt til å fordele 100 000 kr til dokumentasjon av kulturminne (registrering og kartfesting). Arbeidet må sjåast i samanheng med satsinga på kulturminneplanar i kommunane. Registrering og kartfesting av kulturminne er føresetnad for ei effektiv og solid kulturminneforvaltning. Resultata av dokumentasjonsarbeid er viktig for eigarar, kommunar, fylkeskommune og statlege etatar. Det er viktig å gjere registreringane tilgjengelege gjennom nettbasert formidling.

Kompetansebyggjande tiltak kulturminne:

Frå post 400. 650 «Kompetansebyggjande tiltak kulturminne», får fylkesrådmannen fullmakt til å fordele 200 000 kr. Midlane går til å utvikle arbeidet med den historiske byen Bergen og for å styrkje kulturminneforvaltinga si kunnskap om den historiske byen i høve planprosessar, formidlingstiltak og utviklingsprosjekt. Arbeidet skal gjerast i partnerskap med Universitetet i Bergen.

Post 400.410**1. Fylkespremier**

Arrangement i regi av Norges Idrettsforbund, Det frivillige skyttarvesen og/eller underliggjande organisasjonsledd kan søke Hordaland fylkeskommune om premiering til nasjonale og internasjonale meisterskap på seniornivå og til yngre klassar. Premiane er sølvpokal og kunstverk med idrettsmotiv. Det kan søkast om fylkespremier gjennom heile året.

Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele fylkespremier.

2. Campus Bergen

Fylkestinget vedtok 8.-9. desember 2015 å setje av kr 100.000 til «*Campus Bergen - eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen*». Regional kulturplan 2015-25 seier «eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, kommunen og fylkeskommunen er sentralt for å utvikle relevant FoU-arbeid, studietilbod/kurs, testing m.m. Samlokalisering av fleire av desse aktørane på Minde gjev høve til styrking av kompetansmiljøa og vidareutvikling av området i samarbeid med Sportsklubben Brann». Fylkesordføraren vil invitere til eit møte om Campus Bergen den 3. mars for å få innspel til form og innhald, og avklare kva aktørar som er interessert i å arbeide vidare med å realisere eit Campus i Bergen. Fylkesrådmannen legg fram sak i løpet av 2016 til fylkestinget om Campus Bergen.

Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å disponere kr 100.000 til arbeidet med Campus Bergen.

Post 400.420**1. Støtte til regionale aktivitetsarrangement for personar med nedsett funksjonsevne - psykiatri/ rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse.**

Aktivitetane vert planlagt og gjennomført i eit samarbeid mellom ulike aktørar. Kr 250.000 er avsett til psykiatri/ rus og partnerskap for folkehelse i budsjettet. I tillegg vert kr 100.000, som Hordaland fylkeskommune årleg får tilført etter søknad til Helse Bergen, nytta til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Totalt kr 350.000.

Fylkesrådmannen tilrår å tildele midlar til følgjande regionale aktivitetsarrangement:

- Vinteraktivetsdag på Sjusete og sommeraktivetsdag i Strandebarm for utviklingshemma, Kvam herad kr 56.000
- Camp Herdla for psykiatrien i Hordaland, Askøy kommune kr 50.000
- Vinterfestivalen for psykiatrien i Hordaland i Myrkdalen, Voss kommune kr 50.000

Vinteraktivetsdagen i februar på Sjusete er godt etablert og arrangementet er svært populært med god deltaking frå heile Hordaland. I 2014 vart det etablert ein sommaraktivetsdag, og Kvam herad vidarefører dette som eit årleg arrangement for målgruppa.

Camp Herdla på Askøy er godt forankra i kommunen etter at arrangementet vart gjennomført for tredje gong i 2015. Arrangementet har eit breitt aktivitetsprogram i ei veke. Dei jobbar særleg med betring av skyss og tilrettelegging for breiare deltaking frå heile regionen.

Vinterfestivalen for psykiatrien vert gjennomført i Myrkdalen i Voss kommune i samarbeid med

fleire avdelingar i kommunen, folkehøgskulen og vidaregåande skular i tillegg til eit godt samarbeid med Myrkdalen Hotel og Myrkdalen Fjellheiser Det vert arbeidd med å involvere fleire samarbeidspartnarar.

Fylkesrådmannen foreslår at aktivitetsdagane på Kvamskogen ikkje vert gjennomført i 2016. Arrangementet manglar kommunal forankring. Fylkesrådmannen meiner betre resultat kan skapast ved nye, meir brukarstyrte tilbod som har tettare forankring til kommunar og institusjonar.

Fylkesrådmannen tilrår at utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele kr 156.000 til Kvam herad (kr 56.000), Askøy kommune (kr 50.000) og Voss kommune (kr 50.000).

Fylkestinget vedtok 8.-9. desember 2015 å auke budsjettposten med kr 150.000 til psykiatri, rus og idrett. I 2016 ønskjer fylkeskommunen såleis å initiere 1-2 nye aktivitetsarrangement i andre regionar. Kommunar/regionar og institusjonar vil verte invitert til samrådsmøter for å kartlegge ressursar og interesse. I tillegg foreslår fylkesrådmannen å initiere eit samarbeid med Norges Cykleforum region vest knytta til sykkelprosjekt fram mot sykkel VM 2017. Det vert lagt fram eiga sak om dette for utval for kultur, idrett og regional utvikling.

2. Konferansar/kompetansetiltak

Det er avsett kr 158.000 til konferansar/kompetansetiltak ovanfor kommunane og organisasjonar som t.d. dialogkonferanse, nettverkssamlingar og ulike kurs. Kulturdepartementet tildeler årleg, på basis av søknad og rapportering, kr 50.000 til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Såleis er det kr 208.000 til desse tiltaka for 2016. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å disponere desse midlane til føremålet.

Øvrige tilgjengelege midlar på post 400.420 vert nytta til delfinansiering av tiltak for å realisere Regional kulturplan 2015-25, i samarbeid med kommunar og/el frivillige organisasjonar. Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele desse midlane.

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar

«*Det merkes i heile landet*» er eit nasjonalt prosjekt for gradering og merking av turløyper med ein felles skiltmal. Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld er medlem i den nasjonale styringsgruppa. 2016 er siste året i prosjektet og fylkesrådmannen vil i løpet av hausten leggje fram politisk sak om ev. vidareføring.

Det er etablert tilskotsordning der frivillige organisasjonar, kommunar, destinasjonar og større geografiske områder kan søke om støtte til merking og gradering. Søknadsfrist for 2016 er 15. februar, og innan 1. april skal søkar verte underretta om fordelinga. Gjensidigestiftelsen er viktigaste økonomiske bidragsyter i ordninga og stiller krav om 50% fylkeskommunal/kommunal eigendel, og forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor. I Hordaland er det etablert ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og Hordaland fylkeskommune. Søknadane vert vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til fysisk aktivitet, friluftsliv og spelemidlar.

For 2016 er det sett av kr 770.000 i fylkeskommunale midlar og Hordaland er tildelt kr 1.100.000 frå Gjensidigestiftelsen. Såleis er det kr 1.880.000 til fordeling.

Det vert tilrådd at Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til merking og gradering av turløyper i 2016 i samråd med tildelingsgruppa etter gjeldande nasjonale retningslinjer.